

Møteinkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Rådhuset i Odda, formannskapssalen

Dato: 09.09.2016

Tidspunkt: 10.00 – 14.30

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 15/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/16	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 17/16	Framlegg - Buer landskapsvernområde - Sette opp enkel bru ved Buerstølen - Odda	2016/9844	
ST 18/16	Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016	2016/2843	
ST 19/16	Framlegg - Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016	2016/2843	
ST 20/16	Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Hattebergsdalen Landskapsvernområder - Kvinnherad - Gnr 87 bnr 1 mfl - Vannledning - grøftearbeider	2016/9498	
ST 21/16	Framlegg - Buer landskapsvernområde - Tilskudd til uttak av gran - Bjørn Buer	2016/5142	
DS 15/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Landingsløyve for Vardeprosjekt - Tokheimsnuten	2016/7215	
DS 16/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av helikopter for transport av felt hjort i Sandvikedalen / Mosdalen og Hjortedalen for 2016	2016/6701	
DS 17/16	Løyve - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna nasjonalpark - Sandvinsstølane Vierdal - Odda	2016/7897	
DS 18/16	Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Landingsløyve for Vardeprosjekt - Tokheimsnuten	2016/7215	
RS 1/16	Sperredam ved Blåvatn ST 14/16	2016/9961	

ST 15/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 16/16 Underskrift av protokoll frå førre møte

DS 15/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Landingsløyve for
Vardeprosjekt - Tokheimsnuten

DS 16/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av helikopter for
transport av felt hjort i Sandvikedalen / Mosdalen og Hjortedalen for 2016

DS 17/16 Løyve - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna nasjonalpark -
Sandvinsstølane Vierdal - Odda

DS 18/16 Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Landingsløyve for Vardeprosjekt -
Tokheimsnuten

Arkivsaksnr: 2016/9844-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	17/16	09.09.2016

Framlegg - Buer landskapsvernområde - Sette opp enkel bru ved Buerstølen - Odda

Forvalters tilrådning

Tilråding

Bjørn Buer får med heimel i verneforskrifta for Buer landskapsvernområde § 3, 1.3 f) løyve til å bygge ei bru ved Buervatnet i Buer landskapsvernområde i Odda kommune. Det vert også gitt løyve til naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket med heimel i verneforskrifta § 3, 5.2 b) Løyvet er gitt med vilkår:

- Materialval, utforming og plassering av brua skal vere i tråd med søknaden.
- Det er tillate med inntil to hiv med helikopter for å frakte utstyr og material fram til elva.
- Løyve til helikopter gjeld i tidsrommet d.d. til 31.12.2016
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31.desember. Merk med referanse: 2016/9844. Send gjerne på e-post til: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Om søknaden

Bjørn Buer søker om å setje opp ei bru over elva som renn frå Botnen og ned i Buervatnet. Grunngjevinga for å setje opp ei bru er å få storfe og sau på beite til å bruke området på andre sida av elva og lette tilkomsten til dei beste beitene.


Det er ofte høg vassføring i elva der bruhaugen er tenkt og det er farleg også for folk å ta seg over.

Det er tenkt ei bru på 6,5 meter lang og breidde på 1,2 meter. Bruhaugen er tenkt murt opp med litt stein mot brukar på begge sider, slik at ho ligg støtt. Det skal vere kapasitet til å ta unna flaumvatn under bruhaugen. Det er fundament frå ei gamal bru som truleg raste ned for 50 - 60 år sidan på same plassen.


Det er også søkt om to hiv med helikopter for å frakte material til bruhaugen opp til der ho skal byggast.



Bilete over: Raud ring markerer kor bruhaugen er tenkt plassert.



Bilete over: Tenkt utforming på bruhaugen



Bilete over: Dei to store steinane som er støtte for bruа. Nede til venstre er restane etter eitt av dei gamle brukara.

Naturmangfaldlova og verneforskrift

Vernereglane for Buer landskapsvernområde finn vi i forskrifta frå 2005. Føremålet med vern av dette området er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde og sikre geologisk og biologisk mangfald, verdfull vassdragsnatur og verdfulle kulturlandskap. Føremålet med vern er også at ålmenta skal ha høve til å oppleve naturen i området gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Det er eit generelt forbod mot alle inngrep som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter. I § 3 1.3 f) er det opna for at forvaltingsstyretemakta kan gje løyve til:
«Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv».

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saka

Området rundt Buervatnet ligg 800 moh sør for Buer i Odda kommune. Vegetasjonen her er dominert av bjørkeskog, vierkraft og opne gras- og lyngmarker og har nok vore vesentleg opnare då beitetrykket var større.

Elva det gjeld renn frå Botnavatnet ned til Buervatnet og er om lag 400 meter long. Brua er planlagd heilt i nedre del av elva. Ho skal murast opp så flaumvatn kan renne under og bruа vert om lag 6,5 meter lang.

I forvaltingsplanen for Buer frå 2009 er eitt av måla at landbruksdrifta skal kunne halde fram og utvikle seg utan nye, større tekniske inngrep i landskapet. Det er også ønskjeleg frå vår side å halde beitetrykket oppe. Dette er eit tiltak som det er opning for å gje løyve til i verneforskrifta i samband med jordbruk og friluftsliv. Slik tiltaket er planlagd vil det kunne gavne både jordbruk og friluftsliv.

Naturbase og Artskart er sjekka 2. august 2016 og det er ikkje funne artar eller naturtyper som vil ta vesentleg skade av inngrepet. Elles vurderer forvaltar saka til å vere godt opplyst og at føre-var-prinsippet ikkje kjem til nytte i denne saka.
Ein skal vurdere tiltak opp mot samla belasting i området jf. § 10. Det er lite andre liknande inngrep i denne delen av Buer landskapsvernombordet. Både mengda inngrep og utforminga av dei vil ha avgjerande vekt på kor stor samla belasting på landskapet og naturverdiane vil vere. Dette er i første rekke snakk om eit lite inngrep som skal lette tilhøva for dyr på beite. Brua vil også vere for kanaliserande for ferdsel over til andre sida av elva, sidan det er vanskeleg å krysse elva. Det er svært få besøkjande i dette området i forhold til på strekket frå Buer opp til Buerbreen og det toler meir ferdsel utan at villmarkskjensla forsvinn. Forvaltaren meiner tiltaket ikkje vil auke samla belasting i området så mykje at verneverdiane vert skadelidande.

Forvaltaren har vurdert § 11 om kostnad ved miljøforringing, men finn ikkje denne relevant for saka. Jf. § 12 i naturmangfaldlova skal ein vurdere driftsmetode, teknikk og lokalisering som er mest skånsam for naturmiljøet. Brua er tenkt å vere ei trebru, murt opp på brukar av stadeigen stein, noko forvaltar meiner vil vere det beste alternativet. Å bygge ei bru her vil etter forvaltar sin mening ikkje komme i konflikt med verneverdiane i Buer landskapsvernombordet eller forringe landskapet sin karakter. Det er knytt meir positive verknader til tiltaket ved at beite vert utnytta og det kjem eit godt alternativ for turfolk som vil krysse elva. Tilrådinga til styret er difor at Bjørn Buer får løyve til å bygge bru etter visse vilkår.

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	18/16	09.09.2016

Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

Forvalters tilrådning

Folgefonna nasjonalparkstyre følgjer instruks for styrehonorar frå Miljødirektoratet. Kvart enkelt medlem får tilgong til elektronisk skjema.

Vedlagt

- Instruks for styrehonorar for 2016.
- Lenke til sjølvbetjeningsportal for mottakarar av honorar:
<http://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjening/Selvbetjeningsportal/>

Retningslinjer for møtegodtgjøring i verneområde- og nasjonalparkstyrer

Det tas utgangspunkt i Statens personalhåndbok (kap. 10.14.2, gjeldende fra 1. januar 2013). Utgangspunktet er at møter kan godtgjøres med **inntil 6 timer pr møtedag** (faktisk medgått tid), og godtgjøring for møteforberedelser (vurderes ut i fra saksmengde – men maksimum møtets lengde). Begrensingen på 6 timer er ikke absolutt etter de nye retningslinjene. Reisetid inngår ikke i beregnet møtetid.

Det beregnes kostgodtgjørelse, etter statens satser. Her inngår også reisetid. Men husk fratrekk ved servering av måltider (frokost, lunsj og/eller middag).

Møtegodtgjøring:

Alle deltagere i styremøtene har rett på møtegodtgjøring.

De tidligere sentralt fastsatte satsene for utvalgsgodtgjøring er opphevet og erstattet av følgende veiledede satser for utvalgsgodtgjøring fra 1. januar 2016:

Leder: kr 567,- pr. time

Øvrige medlemmer: kr 429,- pr. time

Selvstendig næringsdrivende, kan ha krav på egen sats. Dette forutsetter at hovedbeskjeftegelsen er som selvstendig næringsdrivende, med eget organisasjonsnummer. Forutsetter også at de i vesentlig utstrekning har utgifter til f.eks eget kontor, behov for ekstrahjelp/ avløser / vikar mv.

Følgende satser gjelder:

Arbeid i møter: kr 1182,- pr time

Møteforberedelser kr 429,- pr time

Dersom timesatsen for selvstendige næringsdrivende benyttes ved deltagelse i møter, skal det ikke utbetales erstatning for tapt arbeidsfortjeneste i tillegg.

Erstatning for tapt arbeidsfortjenesete

Dette kan utbetales i tillegg til ordinær møtegodtgjøring.

- 1) Dersom møtedeltager gjør krav på erstatning for tapt arbeidsinntekt, kan dette utbetales direkte til møtedeltager i henhold til gjeldende satser. Dokumentert tap forutsetter at arbeidsgiver framviser en bekreftelse på at møtedeltageren ikke har permisjon med lønn for å delta i det aktuelle møtet.
 - Dokumentert tap – inntil kr 1886,- pr dag
 - Sannsynliggjort tap – inntil kr 758,- pr dag
- 2) Eller dersom virksomheten der møtedeltageren er ansatt framsetter faktureringskrav, kan tapte inntekter dekkes av oppdragsgiver. Det er fastsatt en veiledede sats på kr 1 130,- pr time +mva.

Når skal det utbetales møtegodtgjøring

- Ved alle ordinære møter i nasjonalpark- og verneområdestyrer (i hht antall timer brukt til møte og forberedelse)
- Ved deltagelse i kompetansedager for styret og befaringer for hele styret (leder skal ha ordinær møtegodtgjøring som for øvrige styremedlemmer med mindre han/hun leder eller har ansvaret for hele eller deler av dette)
- Dersom leder eller andre møter i andre sammenhenger i forbindelse med rollen som styremedlem/ styreleder, og dette er avtalt på forhånd kan det utbetales godtgjøring i hht ordinære satser.
- Deltagelse på nasjonalparkkonferanse (andre tilsvarende seminar/ konferanser) – her kan det utbetales erstatning for tapt arbeidsfortjeneste, men ikke møtegodtgjøring
- Deltagelse på studieturer etc. – her utbetales det ikke møtegodtgjøring, med mindre det legges inn et styremøte som del av studieturen. Krav om tapt arbeidsfortjeneste kan utbetales. Dette bør avtales på forhånd.
- Deltagelse på møter med departement/direktorat i forbindelse forvaltningsordningen – her kan det kreves møtegodtgjøring og eventuelt tapt arbeidsfortjeneste
- Deltagelse ved tilsettingsprosesser etc – kan det kreves møtegodtgjøring og evt tapt arbeidsfortjeneste
- Dersom leder/styremedlem(mer) deltar på befaring i konkrete saker (utenom styremøter / kompetansedager) – kan det kreves tapt arbeidsfortjeneste, dette bør avklares på forhånd.

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	19/16	09.09.2016

Framlegg - Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

Tilråding frå forvaltaren

Medlemmer for fagleg rådgjevande utval vert peikt ut hausten 2016 og første møte vert fastsett.

Bakgrunn

I vedtekten til Folgefonna nasjonalparkstyre er det krav om å ha eit fagleg rådgjevande utval som skal møtast minst ein gong per år til eit dialogmøte. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i verneområda, som blant anna grunneigarar, friluftsråd, næringsliv, natur- og miljøorganisasjonar og liknande.

Forslag til utforming

- Ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune
- Ein frå DNT (anten frå eit lokallag eller ein frå fylkeslaget)
- Ein frå Naturvernforbundet (Lokallag eller fylkeslag)
- Ein frå reiselivsorganisasjonar
- Ein frå kraftselskapa, eller ein annan næringsrepresentant
- Medlem frå fylkeslaga til bondeorganisasjonane

Dette vil gje oss 10-12 medlemmar i utvalet.

Medlemmane skal vere frå private eller frivillige organisasjonar. Offentlege kontaktpersonar skal sitje i administrativt kontaktutval. Medlemmar i utvalet får dekka reise, men ikkje møtegodtgjersle. Forvaltar er sekretær for utvalet.

Nasjonalparkstyret kan vere representert ved møte, anten alle eller berre ved leiar.

Arkivsaksnr: 2016/9498-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	20/16	09.09.2016

**Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Hattebergsdalen
Landskapsvernområder - Kvinnherad - Gnr 87 bnr 1 mfl - Vannledning
- grøftearbeider**

Tilråding frå forvaltar

Kvinnherad kommune får løyve til å legge ny vassleidning i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Leidninga følgjer trasé vist i kart. Heimel er gitt i verneforskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, med visse vilkår lista under.

- Grøft og vassledning må leggjast som skissert i søknad og skriv frå Norconsult
- Om det oppstår endringar, som fører til at traseen må endrast eller liknande må nasjonalparkstyret kontaktast slik at skadane på naturen kan minimerast
- All vegetasjon skal om mogleg bevarast og tilbakeførast
- Topplag med torv må takast av og leggjast til side på geoduk eller liknande slik at revegetering på traseen går raskt. Det er særleg viktig at all toppjord som vert grave opp i den registrerte naturtypelokaliteten vert handtert på varsam måte og at ein sørger for at torva ikkje tørkar ut eller dør på anna vis før han vert lagt tilbake. Mellomlagring av denne torva må skje utanfor naturtypelokaliteten
- All køyring i terrenget må minimerast. Om det vert behov for slik køyring må det leggast duk og massar for å hindre skade og samanpressing av vekstlaget
- Heile traseen må fotograferast før tiltaket startar og søkjast tilbakeført i størst mogleg grad
- Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast ved oppstart
- Statens naturoppsyn og nasjonalparkstyret ved forvaltar skal delta på sluttsynfaring med tiltakshavar

Om søknaden

Rosendal og Omland vassverk (ROV) og Kvinnherad kommune planlegg å legge ny vassleidning som erstatning for eksisterande leidning. Strekninga er frå Baroniet i Rosendal til gamle inntaket i Hattebergselva.

Det er om lag 2 265 meter gammal leidning som skal skiftast ut. Eksisterande leidning stettar ikkje dagens krav når det gjeld trykkklasse eller teknisk utføring. Dette fører til hyppige brot på leidningen og svikt i vassforsyninga til rundt 3000 menneske på strekninga Årsnes-Omvikdalen.

Utskifting av leidninga inngår i kommunedelplanen for Kvinnherad kommune.


Frå Fossberg og inn i Hattebergsdalen er det vurdert tre alternative trasear.

- Følgje traseen til eksisterande leidning, på sørvestsida av vegen
- Nedgrave i vegbana
- På nordaustsida av vegen i trasé parallelt med vegen

For detaljert skildring av dei ulike alternativa må de sjå på vedlagte søknad og notat.

I konklusjonen til Norconsult peikar alternativ tre seg ut som det mest fornuftige valet, både med tanke på økonomi og omsyn til natur og miljø.

Kvinnherad kommune søker om dispensasjon frå verneforskrifta til å legge ny vassleidning i Hattebergsdalen landskapsvernområde. I tillegg søker dei om dispensasjon til all naudsynt motorferdsle som er utanfor veg. Det er også ønskje om å legge til rette for to biloppstillingsplassar ved skjenefloren til Baroniet, ved å gruse dei opp.



Kart som syner heile traseen for vassleidninga i alternativ C.

Lovheimel og tilhøve til forvaltingsplan

Føremålet med Hattebergsdalen landskapsvernombordet er på ta vare på eit eigenartat naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret og opp mot høgfjellet.

Etter § 3 i verneforskrifta skal området vernast mot alle inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Difor er det eit generelt forbod mot inngrep som til dømes «... framføring av leidningar i lufta og i jorda...». I punkt 1.2 a) er det gjort eit unntak frå dette forbodet for å kunne drive vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar, men «...Vedlikehaldet omfattar ikkje ombygging eller utbygging.».

I punkt 1.2 b) er det gitt eit unntak frå forbodet til:

1. *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.*
2. *Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvalningsstyresmakta.*
3. *Oppgradering/fornyning av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.*

Til slutt er det i § 3, punkt 1.3 opna for at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til

j) *Oppgradering/fornyning av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b.*

k) *Framføring av nye kraftleidningar.*

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 kan forvalningsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Frå forvaltningsplanen

Under følgjer det utdrag frå dei delane av forvaltningsplanen for Hattebergsdalen landskapsvernombordet som omhandlar vassverk og kraftverk inst i Muradalen.

"Inst i dalen ligg Muradalen kraftverk, som er under opprusting. Anlegget som er under opprusting er frå 1953, men det har vore kraftproduksjon i området sidan 1919. Som del av kraftanlegget er det fleire tekniske installasjonar inne i landskapsvernombordet, som demningar ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng i elva og røyrgate.

Rosendal og Omland Vassverk har sidan 1950-talet nytta Hattebergselva som vasskjelde. I samband med opprustinga av Muradalen kraftverk vil vassinntaket etter planen verte lokalisiert saman med kraftstasjonen."

Oppfølgjande tiltak

- "Dersom oppgraderinga av Muradalen kraftverk skulle føre til at grusvegen inn til kraftverket må utbetraast, må det samstundes setjast krav til at bruene over sideelvane til Hattebergselva vert skifta ut og at dei nye vert bygde i ein tradisjonell og meir estetisk tiltalande stil. Utforming må avklårast med forvaltingsstyresmakta.

Drift og vedlikehald av tekniske anlegg

Kvinnherad Energi AS driv Muradalen kraftverk med kraftstasjon inst i Muradalen, om lag 4,5 km aust for Rosendal sentrum. Hattebergselva er varig verna mot ny kraftutbygging, og sjølv kraftstasjonen med damanlegg ligg inne i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Miljøverndepartementet har på visse vilkår gjeve løyve til å byggje kombinert vassbehandlingsanlegg og kraftstasjon der den gamle kraftstasjonen stod. Endeleg utforming av eit slikt anlegg er ikkje avklårt.


Inne i landskapsvernområdet ligg elles fleire installasjonar knytte til kraftanlegga, som demningar og pumpehus ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng, røyrgate og kraftline. Ved opprusting av kraftverket vil kraftlinia verte lagd i nedgraven kabel.

Verneforskrifta opnar for aktivitet knytt til drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. punkt 1.2 b i vernereglane. Motorferdsel i samband med dette skal skje i samsvar med motorferdselslova. Dersom motorferdsel er påkravd i samband med akutt utfall, kan melding om motorferdsel sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant. Også oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt er tillate utan nærmare løyve, når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar"


Det er berre anlegga knytte til kraftproduksjonen som har fått opning til vedlikehald og opprusting gjennom verneforskriftene. Vassverksdrifta er ikkje nemnt. Det er mogleg at det vart tenkt på dei to som del av same næringa under arbeidet med vernet og at reglane var meint å gjelde vassverksdrifta også. All den tid det ikkje er nemnt noko om vassverket meiner eg at vi ikkje kan sjå på dette under eitt. Difor må løyve til dette inngrepet heimlast gjennom naturmangfaldlova § 48.

Vurdering

Hattebergsdalen landskapsvernområde ligg i Kvinnherad kommune aust for Rosendal sentrum og strekk seg frå garden Fossberg og Malmangernuten lengst i vest til det regulerte Svartavatnet på 773 moh. lengst i aust. Langs Muradalen ligg massive og særmerkte fjell som Malmangernuten og Melderskin. Dalbotnen er prega av Hattebergselva, med eit kulturlandskap som vekslar mellom dyrka mark, beitemarker og skog. Jordsmonnet i dalen er prega av elvemassar og rasmassar. Det meste av beitemarka i Muradalen er gjødsla, men det finst små parti med naturbeitemark, som er ein viktig naturtype. Det er ein naturbeitemark som er registrert i Naturbase (per 26. august 2016). Lokaliteten er ein steinete naturbeitemark som klassifiserast som ein frisk fattigeng. Det vil seie at det er ein fuktig beitemark på næringsfattig jordsmønn. Her er det funne fleire beitemarksoppar, som er artar avhengige av det held fram med beiting utan at det vert gjødsla. Den raudlista arten gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) er funne her, han er lista som nær trua på raudlista fordi dei naturbeitemarkene han lever i vert gjødsla og soppen vert fortrengt.



Naturtypelokaliteten som vert berørt er skravert i sterkt grøn



Her er naturtypelokaliteten vist med den planlagde leidningen. Det er også teikna inn ein kum midt i lokaliteten.

Inst i dalen ligg det kombinerte vassverket og kraftverket frå 2011. Etter at vernet vart oppretta godkjente Miljøverndepartementet eit kombinert vasshandsamingsanlegg og kraftstasjon på tomta der gamle kraftstasjonen sto.

I utgangspunktet vert verneområde oppretta i område utan store tekniske inngrep. Dette er fordi alt vedlikehald og drift slike tekniske installasjoner fører med seg er lite forenleg med å la naturen stå i førarsetet. Når dette landskapsvernområdet likevel omfattar eit kraftverk og vassverk er reglane for vernet tilpassa at drift innanfor dagens rammer kan halde fram. Når det no er behov for å grave ned ein ny vassleidning må det vere ein grundig vurdering av kva for verknader det vil ha for naturverdiane.

I dag går vassleidninga frå vassverket i vegen dei første 800 metrane frå vassverket og til der det gamle vassinntaket var plassert (sjå kart). Derifrå går den gamle vassleidningen frå 1970-talet i ein trasé mellom vegen og elva heilt fram til vernegrensa på Fossberg. På dette strekket er det fem utspylingskummer med ventilær. Slik vassleidningen ligg i dag tilfredstil han ikkje krava til driftssikkerhet og det er stor risiko for brot på vassforsyninga. Det er difor eit tydeleg behov for ny vassleidning.

§ 48 i naturmangfaldlova opnar for å kunne gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette er ein snever dispensasjonsheimel.

Traseaval

Alle delar av landskapet er verna, også lausmassane og jordsmonnet slik det ligg. Naturvernområde har stor verdi som historieberadar for korleis naturgjevne prosessar styrer korleis landskap vert forma. I Muradalen er det tre viktige element som har forma lausmassefordelinga og det landskapet vi ser i dag, nemleg isbrear i siste istid, elvane som renn i rikelig monn nedover fjellsidene og i dalbotnen og stein- og snøras. I tillegg har menneska ei lang historie som brukarar og formarar av landskap, først og fremst gjennom jordbruk og skogbruk, men også med bygging av veg, temming av elveløp og diverse tiltak som endrar korleis eit landskap ser ut.

Det er ikkje mogleg å separere dei naturgjevne landskapslementa frå dei menneskeskapte og i dette tilfellet er også det menneskeskapte, ved eit tradisjonelt kulturlandskap, ein del av naturverdiane. Føremålet med vernet er å bevare landskapet og naturen mest mogleg uringa med utgangspunkt i vernetidspunktet.

Ut frå omsyn til verneverdiane og landskapet vil det beste alternativet for ny vassleidning vere å legge der det allereie er gjort inngrep, altså å legge leidningen anten i vegen eller i eksisterande grøft. Eg viser til notat frå Norconsult 25. august 2016 som går gjennom dei ulike trasealternativa og veg dei opp mot kvarandre i detalj.

Det er tydeleg at det å legge leidningen anten i vegen (alt. B) eller eksisterande trase (alt. A) vil vere fordyrande for prosjektet. Slik Norconsult har vurdert saka vil det også føre til mykje ekstra inngrep, blant anna ved at ein må lage mellombelse anleggsvegar og køyre meir i terrenget ved begge desse alternativa.

Det er lite ønskjeleg å grave opp ei ny grøft i landskapsvernombrådet, då dette er eit irreversibelt inngrep (alt. C). Samtidig vil dette tiltaket auke det totale inngrepsbiletet i dalbotnen i Muradalen, då det ikkje er aktuelt å fjerne eksisterande vassleidning. Breidda på sjølve grøfta er beskrive til å verte 2,5-3 meter og det vil verte lite synlege spor på overflata etter tiltaket. I dag er det fem kummar på eksisterande vassleidning og desse er det planlagt å ta vekk og så fylle igjen med stadeigne masser. Ny leidning vil berre krevje at ein grep opp ei ny grøft og det vert berre to kummar inne i landskapsvernombrådet, så det visuelle inntrykket vil verte betre enn no. Det er planlagt å køyre gravemaskinen i traseen for grøfta og berre på korte strekk køyre i terrenget elles. Alle massar som må takast ut og førast til området kan løftast rett opp på bil på vegen utan at ein kører i terrenget. Slik vert terrenghuskadane minimert.

Alternativ C peiker seg ut som det tiltaket som er mest hensiktsmessig og fører til minst skade og inngrep i anleggsperioden. I tillegg vil denne nye vassleidninga ligge tryggare ved flaum og skal krevje vesentleg mindre vedlikehald enn dagens løysing. Dette kan føre til mindre biltrafikk inn i området, noko som er ønskjeleg med omsyn til friluftsliv. Muradalen er ein viktig innfallsport til fjella opp mot Folgefonna og det er mange som brukar området til friluftsliv.

Naturbeitemark er ein naturtype som tåler ein god del trakk og forstyrring. Difor vil nok grasdekke fort etablere seg igjen etter inngrepet, særleg om torva vert lagt til side og lagra på skånsam måte til han skal leggast på igjen. Dette er særleg viktig i den registrerte naturtypen, sidan det lever ein raudlista art

her. Heile vekstlaget i torva (røtene) bør gravast opp mest mogleg intakt og mellomlagrast utanfor den registrerte naturtypelokaliteten for å minimere skadeomfanget.

Elvekryssingane

Det er i alt seks større og mindre sidebekker som vassleidningen skal krysse innover Hattebergsdalen. Vassleidninga er planlagt grave ned under elvebotnen og så plastra med stein for å hindre erosjon og utgraving rundt leidningen. Over plastringen skal det leggast tilbake stadlege massar og stein slik at elveløpet først tilbake til slik det var før tiltaket.

Elveløpa i Muradalen er allereie påverka av menneskeleg aktivitet. Elvar er naturleg dynamiske og i bratt terren og mykje lausmassar vil elvane endre løp heile tida etter kvart som stein byggjer seg opp og flaum dreg det med seg igjen. Som eit landskapselement er elvane her heilt essensielle for korleis vi opplev dalen og soleis er det ønskjeleg å halde dei så frittflytande som mogleg. Menneska har i alle tider temt elva for å vinne land eller hindre at vegar og andre installasjonar vert øydelagde. I Muradalen er det spor etter mange slike tiltak. Flaumen tidleg i august 2016 viste tydeleg at elvane her kan føre med seg stor skade på infrastruktur, då sideelvane hadde vaska vekk grus på vegen og blottlagt delar av eksisterande vassleidning. Eit kvart tiltak som skal gjerast i elvane må skje med varsemd og ekspertise, slik at tiltaket ikkje får uønskte konsekvensar med tanke på tryggleik og opplevingskvalitet. Her vert det viktig å ta ein god avveging mellom kva som er naudsynt for å hindre at elva gjer skade og kva som gjer at elva opplevast som eit naturleg og levande landskapselement og ikkje ein innmurt kanal. Målet må vere å halde elvane innanfor dagens løp på ein slik måte at alle rettingar vert minst mogleg synlege. Tiltaket slik det er skildra i søknaden verker å innfri desse krava.

Konklusjon

Det er god kjennskap til naturen i tiltaksområdet og tiltaket er godt skildra. Forvaltar meiner at kunnskapsgrunnlaget er oppfylt og at føre-var-prinsippet ikkje vert gjeldande her.

Grunnlaget for å få løyve er at tiltaket ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Her kan vi ikkje sjå at tiltaket vil påverke verneverdiane i nemneverdig grad, sjølv om inngrepene er stort, då den langsigktige effekten av tiltaket på landskapet vert minimal. Tiltaket er lokalisert i nær samanheng med eksisterande infrastruktur og det vil ikkje verte aktuelt med liknande tiltak i overskueleg framtid, tiltaket vil difor ikkje føre til presedens. Samla belasting for området vert høgare med enno eit inngrep i dette området, men naturtypane her toler godt forstyrring og det vil so og seie verte sporlaust etter nokre år ved å ta omsyn i anleggsperioden. Det er søkt å gjennomføre tiltaket på den måten som er mest skånsam for miljøet og med beste tilgjengelige teknologi. Alle tiltak for å unngå eller avgrense skader på miljøet må dekkast av tiltakshavar (jf. Naturmangfaldlova § 12).

Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Kulturminne og museum
Postboks 7900
5020 Bergen

Deres ref.:
Lars Øyvind Birkenes

Vår ref.:
5133815\Brev_Fylket.doc

Dato:
2016-03-04

**Kvinnherad kommune.
Vannledning Hattebergsdalen - Baroniet.
Utskifting av vannforsyningssledning.**

Bakgrunn:

Rosendal og Omland Vassverk (ROV) og Kvinnherad kommune planlegger utskifting/legging av ny vannledning fra punkt i Baronivegen på oppsiden av Baroniet i Rosendal og inn til gamle inntaket i Hattebergselven. Prosjektet er et samarbeid mellom Rosendal og Omland Vassverk og Kvinnherad kommune, men der Kvinnherad kommune står som tiltakshaver.

Vannbehandlingsanlegget i Hattebergsdalen med tilhørende overføringsledning, forsyner området Årsnes – Løfallstrand – Rosendal – Seimsfoss – Omvikdalen, og dette utgjør totalt ca. 3 000 personer.

I forbindelse med omlegging og bygging av ny veg forbi Baroniet i 2006 og bygging av ny parkeringsplass for Baroniet i 2011, ble det lagt ny vannledning på strekningen fra Melselvo og opp forbi Baroniet, til ca. Baronivegen nr. 67.

Like før bygging av nytt vannbehandlingsanlegg og ny kraftstasjon i Hattebergsdalen, ble det i 2010 lagt ny vannledning herfra og ned til det gamle inntaket som ROV hadde i Hattebergselven ca. 800 m nedenfor vannbehandlingsanlegget. Det gamle inntaket i elven ble fjernet etter at nytt vannbehandlingsanlegg var satt i drift.

Det gjenstår da ca. 2 265 m gammel ledning som skal skiftes ut.

Eksisterende gammel ledning tilfredsstiller ikke dagens krav, hverken når det gjelder trykkklasse eller teknisk utførelse. Dette resulterer bl.a. i hyppige ledningsbrudd på den aktuelle strekning med påfølgende ulemper og svikt i vannforsyningen.

Planer:

Ny vannledning legges fra punkt ovenfor Baroniet hvor tidligere utskifting av ledning ble avsluttet i 2006, kfr. vedlagt tegning. Det settes ned ny kum i veg i forbindelse med tilknytning av ny ledning til eksisterende ledning. Dette bl.a. fordi del vil være forskjellig materiale i ny og eksisterende ledning.

Videre opp forbi bebyggelsen legges traséen på sørsiden av vegen. Dette vil gi mindre graving i vegen som igjen medfører mindre ulemper for beboerne i området, man unngår konflikt med eksisterende ledninger og det blir enklere å opprettholde vannforsyningen på denne strekningen i anleggsperioden. Fra oppside av bebyggelsen og opp til Fossberg vil ny vannledning i hovedsak følge samme trasé som eksisterende ledning.

